



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 15.12.2014
Vår ref.: 2014/1126-39
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilleggssøknad om statleg sikring av Sætreparken

Det vert vist til tidlegare korrespondanse knytt til søknader om statleg sikring av friluftsområde for 2014. Hordaland fylkeskommune har motteke ytterlegare tre søknadar om statleg sikring av friluftsområde. Dei to søknadane med referansnr. 14S3C0DC (13/325) og 14S6FC94 (17/4) inngjekk i vårt brev med referansnr. 2014/1126-31.

Søknaden med ref nr. 14SB5816 (302-697), om statleg sikring av Sætreparken friluftsområde, er eit lokalt friluftsområde sentralt i Ytre Arna. Området har høg nytteverdi i eit folkehelseperspektiv for befolkninga på om lag 2 500 personar i Ytre Arna. Området ligg til rette for intensiv bruk og har særlege nærfriluftslivkvalitetar. Gjennom barnetråkk-kartet er Sætreparken vurdert som ein av tre stader i Ytre Arna som er viktig også for barn og unge. Parken er lokalisert med gå-avstand frå dei fleste stader i Ytre Arna. Parken vert brukt lite av barnehagar og barn på fritida, som resultat av manglande tilrettelegging.

Sætreparken er allereie kommunalt sikra av Bergen kommune. Det er likevel hensiktsmessig med statleg sikring av parken for å binde arealet til friluftsføremål, og slik at kommunen kjem i posisjon til å søkje statlege midlar for tilrettelegging.

Hordaland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområdet Sætreparken.

Venleg helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.